

MUSIKK &
HISTORIE X

Kvinneroller

Music has charms to soothe the savage brea.

Pub. 20 Nov 1786 by T. Smith, No. 6 Wardour Street Soho.

Musikk & Historie

Nummer 4 (2021)

Musikk & Historie
Kulturhistorisk tidsskrift

Redaktør: Halvor K. Hosar

ISSN: 2535-7883

Innhald

Leiar	6
Intervjuet: Stéphanie-Marie Degand	8
TEMA: kvinneroller	
Fra «fruentimmernettheter» til kvinnelig selvstendigjøring: Den akkompagnerte klaver- sonaten i England på slutten av 1700-tallet	14
Kvinneskikkelser i Händels operaer	26
Å synga Ottavia: mellom tidlegmusikk og opera	32
Mellom legender, virtuosar og hysteri: ein introduksjon til glasharmonikaen	55
Kvinner, opera og den offentlege scena i Venezia på 1700-talet	64
VARIA	
Det liturgiske biletet av Thomas Becket i England og Noreg	72
Notefunnet i Lom stavkyrkje: Becket i musikken	83
OMTALER	
«Witches, bitches and britches»: Dype stemmer i toppform	88
Fortolkningens doble liv	92
Fuglestads varp	97
Om forfattarane	107

Kvinner, opera og den offentlege scena i Venezia på 1700-talet

Vi gler oss over å kunne annonsera at prosjektet «Women, Opera and the Public Stage in Eighteenth-Century Venice (WoVen)» har blitt tildelt nesten 12 millionar frå Noregs forskingsråd. Prosjektet har som mål å utforska deltakinga til kvinner i venetiansk og europeisk operakultur. Over ein fireårsperiode skal WoVen analysere rolla til kvinner i oppbygginga, representasjonen og mottakinga av rollene til kvinner i opera, gjennom å studera aktivitetane deira som utøvarar, komponistar, teatersjefar, mesenar og tilskodarar. Vi skal også studere denne aktiviteten i ljøs av breiare kritisk diskurs om kvinneledning og kvinners rolle i samfunnet i samtida. Rollene som songarar, så vel som organisator- og leiarroller (som var mindre uvanlege en ein gjerne trur) gav kvinner høve til sjølvstende, autonomi og sosial mobilitet som elles var uheyrte i samtida. Vi hevdar at dette bidrog til ei endra forståing av profesjonelle kvinnelege musikarar (som fram til då framleis var forbunde med «kurtisane»-figuren) og til kvinnefrigjerig, noko som gjev opera ein viktig plass i den kulturelle kvinnehistoria.

WoVen er leia av prof. Melania Bucciarelli og har base ved Institutt for musikk ved NTNU. Prosjektet omfattar internasjonale forskarar som prof. Margaret Butler (University of Wisconsin-Madison), prof. Christine Jeanneret (Københavns Universitet), dr. Tatiana Komeeva (Università Ca' Foscari Venezia og Freie Universität Berlin), prof. Britta Kägler (Universität Passau), dr. Francesca Menchelli (Conservatorio di Benevento), prof. Reinhard Strohm (University of Oxford) og operaregissør Deda Cristina Colonna (Schola Cantorum Basiliensis). WoVen samarbeidar med Università Ca' Foscari Venezia, det internasjonale instituttet for teaterforskning ved Casa di Goldoni, og instituttet for teater og opera ved Fondazione Giorgio Cini i Venezia.

1700-talet var ei tid då rollene til kvinner endra seg over heile Europa. I Italia fekk kvinner betre tilgang til utdanning, akademiske roller og til mange ulike yrke. Spørsmål om oppdraginga deira og rolla deira i samfunnet fekk ein så stor plass i den offentlege diskursen at Pietro Chiari (1712–1785), redaktøren til *Gazzetta veneta* og forfatternen av ei mengd med komediar og romanar mynta på eit kvinneleg publikum,

kalla si eiga levetid «hundreåret til kvinnene». Dei kulturelle elitane debatterte dei kognitive og kreative evnene til kvinner. Dei debatterte også nytteverdien av kvinneleg utdanning, og skapte positive modellar for kvinner, ved akademi, universitet og salongar. Venezia, som sidan renessansen hadde vore eit viktig proto-feministisk sentrum med ei rik historie for kulturell debatt med og om kvinner, var eit viktig knutepunkt for desse debattane.

Venezia var òg eit viktig internasjonalt operasentrum, og ved dei offentlege teatera (det eldste offentlege mediet) kunne desse debattane nå eit større publikum. Det overnasjonale operarepertoaret som blei synt fram i Venezia, blei opplevd av mange utanlandske tilskodarar *in loco*, og deretter eksportert til heile Europa, frå Madrid til St. Petersburg og frå Dresden til København og Oslo. Desse representasjonane (og utøvarane) bidrog til sirkulasjonen av nye idear og kjønnsroller, og gjorde at spørsmål om kvinners rolle i samfunnet var diskutert over heile Europa. Dei italienske operaene som blei sett opp i Venezia var difor ei transnasjonal kraft, som skulle syne seg å bli viktig i utforminga av kultur- og kjønnsidentitetar i 1700-talets Europa.

Som det fyrste, og eitt av dei viktigare, sentruma for profesjonelt teater i Italia, har teatera og musikkmiljøet i Venezia fått mykje vitenskapleg merksemd. Dette gjeld alt frå studiar av einskilde (mannlege) komponistar, skodespelforfattarar og librettistar; forretningsmodellane som botnar i dei venetianske offentlege teatera; arkitektur og scene-design; og nærstudiar av utvekslingane mellom taletheater og musikkteater når det gjeld produksjonssystem, repertoar og litterær påverknad.² Forskinga til Strohm har òg leidd til ei ny forståing av rolla til Vivaldi i opplæringa, etableringa og framdyrkinga av karrierane til unge kvinnelege songarar mellom Ospedale della Pietà og den kommersielle operaen, og til den kreative rolla kvinnelege songarar hadde i utforminga av operaisk praksis og estetikk.³ Trass i all forskning på teater og opera i Venezia på 1700-talet, som inkluderer monumentale verk som Selfridge-Fields *New Chronology* (2007) og *Drammaturgia Musicale Veneta* (1983–2018), veit vi framleis heller lite om utøvarane sjølve. Vi manglar både biografisk informasjon som

kan hjelpe oss å kartleggja sosial bakgrunn, trening og karriereveg, og vi manglar oversyn over vokalprofil og offentleg reaksjon.

Kvinner var sentrale i operaen på 1700-talet. Dette kan ein sjå på fleire vis, som gjennom dei tallause kvinnelege songarane og teaterleiarane som var aktive ved venetianske operahus, og gjennom dedikasjonane på operalibrettoar til «le dame di Venezia». Kvinnelege roller og dydige heltinner i musikkdramaet omdefinerte det feminine, og operaen blei skulda for å vera umandig. Nye modellar for kvinner i eit moderne, «opplyst» samfunn blei skapt og formidla av komediane og opera buffaene til Carlo Goldoni. Alt dette syner at kvinner visseleg var sentrale i venetiansk opera fyrst på 1700-talet. Likevel har den ibuande koplinga mellom kvinner og operaen i «hundreåret til kvinnene» framleis ikkje blitt utforska.

Etter kvart som kvinner blei meir synlege i kultur- og samfunnsliv, har historikarar innanfor litteratur, teater og breiare kulturstudiar vendt seg til «kvinnespørsmålet», og dei har utforska korleis kvinner byrja å hevda sin eigen distinkte autoritet over manlege førestillingar av feminitet i det offentlege.⁴ Her har operaforskarar lege bak forskarar i andre felt i humaniora. «Venetiansk» opera i «hundreåret til kvinnene» har framleis ein marginal plass i den kulturelle kvinnehistoria og innan det breiare kjønnsforskningsfeltet. I internasjonal musikkvitenskap er likevel operaforskning som er påverka av kjønnsstudiar eit blømande felt. Den kjente avsløringa av misogynistiske trekk i operanarrativ (hovudsakleg på 1800-talet) kjem frå Clément (1979) og McClary (1991), som syner musikkanalytiske strategiar for å avdekkje den sosiale meininga til musikk og operakonvensjonar, og opnar for påverknad frå teoriar om kjønns og seksualitet i operastudiar. Studiar som Rosand (1991), Glixon (1995) og Heller (2003) har sidan den gong trekt merksemda mot kulturelle diskursprosessar om kvinner i tidleg venetiansk opera, og synt korleis opera den gongen var eit allsidig medium for å artikulera moderne og titydige syn på kvinner. Desse studiane, som byggjer på forskning frå renessansesstudiar og dei særlege føresetnadane til Venezia, har òg kasta ljøs på den nære koplinga mellom «offentlege» kvinner og musikk, og denne koplinga er viktig for den seinare mottakinga av profesjonelle kvinnelege musikarar og operasongarar. 1700-talsopera har derimot blitt kasta vrak på av feministisk musikkvitenskap.⁵ Merksemda har i staden blitt retta mot kastratsongarane og, i mindre grad, casting av motsett kjønn. Både desse fenomen er sentrale i WoVen. Kastratsongaren fekk ein sentral plass i 1700-talsoperaen i Venezia og andre stader. Desse kastratane song både kvinnelege og manlege

helteroller, og synte klart fram gapet mellom den spela rolla og songaren sjølv, og mellom operaroller som uproblematisk framstilte maskulinitet og legitimiteten til kastratsongaren, som hadde ein kunstig kropp, feminin røyst og titydig seksualitet. Kvinnesongarar skapte karrierane sine i konkurranse med kastratar, og mange gjorde det i «bukserollen». Ved sidan av studiet av korleis feminitet var representert på scena i «hundreåret til kvinnene», kryssar dei dramaturgiske konvensjonane som låg bak utforminga av desse rollene veg med litterære, historiske og dramatiske modellar. WoVen utforskar korleis nomer og nombrot låg implisitt i casting på tvers av kjønns, korleis desse praksisane krystalliserte dei performative aspekta ved kjønns på 1700-talet, og korleis dei har vore med på å bidra til nye perspektiv kring desse.

Samanhengen mellom songaren og scenerolla, som blei problematisert av kastratane, let seg òg merke i konstruksjonen av celebritet mellom mannlege og kvinnelege stjemesongarar, som her er forstått som ein medvitstfullt konstruert figur som utøver kontroll over verket («the star vehicle»):⁶ Songaren sin autoritet og interaksjonen mellom scenerolla og songaren har berre nyleg blitt eit tema i musikkvitenskap. Nye studiar har eksponert ulike mekanismar ved stjernekonseptet, og har framheva korleis songaren sin figur forma forståinga til 1700-talspublikum av fiksjonsfigurar og forretningspraksis (rolletypen songarar spesialiserte seg i og som dei blei hyra for). Slike studiar har og forklart korleis songarar kunne kontrollere måten den offentlege figuren deira blei forstått på, gjennom sjølvbiografiske tekster, portrett, sceneroller og musikkdramatisk sjølvutfolding.⁷ Ornamentering definterte i sær både den profesjonelle identiteten og scenerollen til songaren. Songakta og nomene for (improvisert) koloratur var område der scenerollen og songaren overlappa. For å evaluera påverknaden til den kvinnekroppen som blir sett og høyrte på scenen, skal WoVen utforska song, scenekonstruksjon og framføringspraksis gjennom studiar av ulike kjeldetypar. Dette kan vera alt frå sanglærebøker og sjeldne ariesamlingar med notert ornamentikk (nokre gonger tilskrive særskilde songarar) til trykte retorikkhandbøker og skodespelhandbøker, scenedireksjonar i librettoar og partitur, augevitneskildringar og ikonografiske kjelder. Prosjektet skal også inkludera praksisbasert forskning. Dette byggjer på den teoretiske forståinga av framføringa både som analyseobjekt og som ein epistemologi, der lekammleggjort praksis skapar ei moglegheit for å lagra og vidareføre kunnskap.⁸ Dei uskrivne konvensjonane som 1700-talsopera var avhengige av, opnar for eit vell av moglegheiter for fortolkning og samskaping, då utomspråklege teikn som klangvariasjon, pust, nøling, gestikulasjon og andletsuttrykk, så

vel som ornamentikk, artikulasjon, dynamikk, temposkifte og generalbassframføring i all hovudsak ikkje var skrive ut, men overlata til utøvarens eigen kreativitet. Operaproduksjonar og praktiske læresituasjonar for studentar og teaterutøvarar er difor ein viktig del av prosjektet. Dei er eigentleg korkje historisk informerte rekonstruksjonar eller omskapingar («re-enactments»), men er meint å utdjupa forståinga vår av framføringspraksis, oppfatninga til publikum og korleis desse praksisane har sett permanente spor etter seg i vestleg skodespelarkunst.⁹ Kunnskap som blir skapt gjennom kunstnarisk forskning kring korleis songarane på 1700-talet kunne framføra kjønn, og korleis desse «framføringshandlingane»¹⁰ kunne konstruera meining, vil utan tvil gje oss ei rikare forståing både av dei historiske kjeldene som handlar om praksisoverføring frå det skriftlege til det kroppsleggjorte, og av sceneframføringa av kjønn på 1700-talet.

Ei betre forståing av operapublikumet er naudsynt for å betre kunne forstå påverknaden opera hadde på offentleg opinion (og motsett). Medan lesande og skrivande kvinner, så vel som kvinneleg journalistikk, har vore utførelg handsama i forskinga,¹¹ har inga vitenskapleg studie sett på den kvinnelege teater- og operagjengaren i Venezia på 1700-talet. Vi veit i dag difor lite om kven kvinnene som dramatistar, librettistar og komponistar skreiv tileigningar til i føreorda sine eigentleg var. Som eit resultat er òg spørsmålet om utviklinga av eit spesifikt kvinneleg operapublikum, samanlikna med andre publikum, understudert. Medan Habermas (1989) og Habermas-influerte studiar¹² har tilskrive teateret (samt andre institusjonar i den «autentiske» offentlege sfæren, som salongar, kaffehus og tidsskrift) krafta til å forma offentleg opinion og å tene som opptreningsstad for offentleg kritisk refleksjon, har dei ignorert at framveksten av den «borgarlege offentlege sfæren» kom saman med ei gradvis skarpare kjønnsdifferensiering som avgrensa kvinna til den private (eller heimlege) sfæren og gjorde den offentlege sfæren hovudsakleg maskulin. Vi manglar difor ei full forståing av rolla kvinneleg tilskodarskap hadde i den framveksande offentlege sfæren i det lange attande hundreåret. Dette prosjektet har som mål å attskapa det faktiske kvinnelege publikumet som dramatistar og librettistar såg for seg som forbrukarar av verka sine, og å etablere i kva grad kvinner fekk lov til å spela ei aktiv rolle i offentleg diskurs.

Eit omfattande kulturelt studium av kvinner og opera i 1700-talets Venezia og konsekvensane dei har hatt for dagens framføringar krev ei tverrfagleg tilnærming som opnar for (1) integrering av informasjon frå ei eit breitt spektrum av kjelder; (2) analytiske teknikkar som kombinerer musikalsk-dra-

maturgisk analyse med informasjon om mottaking og «kjendiskultur»; og (3) bruk av kunstnarisk forskning for å skapa forståing for historiske og samtidige oppsettingar av dette repertoaret. Framgangsmåten til WoVen er difor eksplisitt og nødvendigvis tverrfagleg, og brukar mangesidige tilnærmingar for å kome kjeldematerialet i møte. Vi skal nytta metodologiar frå kjønnsstudiar og transnasjonale studiar, semiotikk, resepsjonshistorie og selebritetsstudiar, så vel som praksisbasert forskning. Kombinasjonen av perspektiv frå kjønnsstudiar og transnasjonal historie gjev eit teoretisk grunnlag som kombinerer samanlikningar av nasjonale kontekstar med analyse av idear, folk og institusjonar på tvers av grenser,¹³ og er ein særleg avslørande analytisk framgangsmåte, med evna til å bringa oversette historier attende inn i moderne historieskriving. Han opnar vidare for nye problemstillingar og forståingar for korleis identitet har blitt forma av diskusjonar kring kjønn og seksualitet.

WoVen skal fokusera på fire forskingsområde, som her blir presentert kortfatta:

1) *Women Roles and Images of Femininity on the Venetian Stage* utforskar erketytiske og atypiske operaroller og konstruksjonar av feminitet i eit utval av operaer frå ulike undergenrar, som blei sett av ei mengd ulike komponistar i løpet av hundreåret, og blei sett opp av ulike trupper i dei offentlege teatera i Venezia. Denne bolken inkluderer studie av metateater, kvinner i operaene til Vivaldi, operaroller som er avleia frå litterære modellar og dei som er basert på skodespela til Goldoni, Gozzi og Chiari, som var direkte deltakarar i kritisk debatt om kvinner.

2) *Performing Celebrity on the Venetian Stage* fokuserer på kvinnelege songarar i Venezia og selebritetskulturen på 1700-talet. Vi skal her rekonstruera både songarkarrierane og dei ekspressive gestane i song og kroppsuttrykk, òg i samanlikning med konkurrentane deira, kastratane. Han inneheld studie av aspekt av vokaluttrykket og ornamentikken til ulike songarar, samt skodespelteknikk, dramatiske roller og utviding av analyse til oppbygginga av kvinnekroppen i samtidige medisinske, estetiske, visuelle og sosiale narrativ. I denne bolken skal vi utforska interaksjonen mellom scenerolle og offentleg framtoning og mekanismene kring selebritetsskaping gjennom spesifikke døme.

3) *Audiences, Patrons and Women's Participation in the Opera Business* utforskar nettverket av kvinner (venetianske eller ikkje) som deltok i musikklivet i lagunebyen som teaterleiarar, mesenar og publikum. WoVen har byrja med forskning som har som mål å rekonstruera det faktiske kvinnepublikumet ved operateatera i Venezina gjennom studiar av ein stor korpus med dokument, inkludert presseskiv og tidsskrift, og gjen-

nom å spora aktiviteten og påverknaden til kvinner i leiande roller, så som den internasjonale stjemesopranen Faustina Bordoni og dramatikaren Luisa Bergalli.

4) *Performing 18th-Century Operatic Women: A Practice-based Approach* er den praktiske komponenten i prosjektet. Barokketikk legg til grunn at ein kan gjere eit affektsinntrykk på publikum gjennom ein performativ prosess som finn stad mellom utøvar og tilskodaren. Dette er ein kroppsleggjeringsprosess der utøvaren omformar sin eigen «sensuelle» kropp til ein semiotisk, ein som skal tene som materialberar for tekstleg meining.¹⁴ Kroppen til songaren strekkjer seg ut mot det fysiske rommet til tilskodaren gjennom røysta, så vel som gjennom kostyme, rørsle og bruk av rekvisitar (som forlengar kroppen). Gjennom historisk forskning, praktiske «workshops» og pågåande profesjonell aktivitet utanfor academia ynskjer denne bolken å studera kroppen og røysta i utøvingsakta, og å undersøke (1) korleis musikalsk-dramatiske utøvarhandlingar kan formidla kjønn og seksualitet i 1700-talsopera, og (2) korleis desse operaene, som kombinasjonar av dimensjonane tekst, musikk og framføring, kan bli forstått og sett opp i dag.

Ein kan konkludera med å seie at medan fokus er på operaiske kvinner i 1700-talets Venezia, siktar WoVen på å gå forbi mikrohistorie og nasjonalhistoria til kvinner i Italia for å studera kvinnerolla i den transnasjonale litteratur- og kjønnshistoria i det tidlege moderne Europa. Ved å gjenskapa karrierar, aktivitetar og framføringspraksisar til kvinnelege songarar og påverknaden dei øvde på operaoppsettingar, ved å kasta nytt ljøs på korleis italiensk opera var utøvd og kva rolle han spela i liva til kvinner i svunne tider, vil WoVen drastisk auke forståinga vår for påverknaden italiensk opera hadde på kjønnsroller og -modellar i løpet av det lange attande hundreåret. Praktisk-kunstnarisk forskning vil skapa ny kunnskap som er relevant for forståinga vår av korleis songarar framførte kjønn og korleis «framføringshandlingane» konstruerte meining. WoVen legg opp til ei omfattande evaluering av korleis representasjonar av kjønn sementerte, reflekterte eller utfordra den kritiske diskusjonen kring utdanning, ekteskap og kreativitet i liva til kvinner slik han kjem til uttrykk i samtidige tekster, litteratur, tidsskrift og ikonografi. Dette vil gjere det mogleg å nyansera den feministiske forståinga av «hundreåret til kvinnene».

MELANIA BUCCIARELLI

(Til norsk ved Halvor K. Hosar)

Notar

1 Lorenzo Bianconi og Thomas Walker, «Production, Consumption and Political Function of Seventeenth-Century Opera», *Early Music History* 4 (1984), 209-296.

2 Peter Weiss, «Teorie drammatiche e 'infranciosamento», i *Antonio Vivaldi: Teatro musicale, cultura e società*, red. Lorenzo Bianconi og Giovanni Morelli. (1982, Olschki), 273-296; Reinhard Strohm, *Dramma per musica: Italian Opera Seria of the Eighteenth Century* (1997, Yale University Press); Melania Bucciarelli, *Italian Opera and European Theatre, 1680-1720: Plots, Performers, Dramaturgies*. (2000, Turnhout)

3 Strohm, Reinhard. 2008. *The Operas of Antonio Vivaldi*. 2 vols. Olschki.

4 Maggie Günsberg, *Playing with Gender. The Comedies of Goldoni*. (2001, Northern Universities Press); Rebecca Messbarger, Rebecca, *The Century of Women: Representations of Women in Eighteenth-Century Italian Public Discourse* (2002, University of Toronto Press); Giuseppina Scognamiglio, *Ritratti di donna nel teatro di Carlo Goldoni* (2002, Edizioni scientifiche italiane); Paula Findlen et al., *Italy's Eighteenth Century: Gender and Culture in the Age of the Grand Tour* (2009, Stanford University Press); Tiziana Plebani, *Un secolo di sentimenti*. (2012, Istituto veneto di scienze, lettere ed arti); Tiziana Plebani, *Le scritture delle donne in Europa. Pratiche quotidiane e ambizioni letterarie* (2019, Carocci).

5 Heather Hadlock, Heather, «Opera and Gender Studies», i *The Cambridge Companion to Opera Studies*, red. Nicholas Till (2019, Cambridge University Press), 257-275.

6 Bertha Joncus, «Producing Stars in Dramma per musica», i *Music as Social and Cultural Practice: Essays in Honour of Reinhard Strohm*, red. Melania Bucciarelli et al. (2007, Boydell Press), 275-293.

7 Christine Fischer, «Self-Stylization in Ceremonial Context», i *Italian Opera in Central Europe: Institutions and Ceremonies*, red. Melania Bucciarelli et al. (2006, Berliner Wissenschafts-Verlag), 203-219; Suzanne Aspden, *The Rival Sirens: Performance and Identity on Handel's Operatic Stage*. (2013, Cambridge University Press); Anne Desler, «The little that I have done is already gone and forgotten», *Cambridge Opera Journal* 27/3 (2015), 215-238; Melania Bucciarelli, «Farò il possibile per vincere l'animo di Mr Handel», *Eighteenth-Century Music* 14/1 (2017), 53-87.

8 Diana Taylor, *The Archive and the Repertoire: Performing Cultural Memory in the Americas* (2003, Duke University Press).

9 Deda Cristina Colonna, «Actio, actio, actio: a director's point of view on naturalism and naturalistic staging of the early opera repertoire», i *Naturalezza/Simplicité - Natürlichkeit im*

Musiktheater, red. V. Grund et al. (2019. Transcript. Independent Academic Publishing), 173-188.

10 Judith Butler, *Gender Trouble: Feminism and the Subversion of Identity* (1990, Routledge).

11 Infelise, Mario og Paolo Marini, *L'editoria del Settecento e i Remondini* (1992, Ghedina e Tassotti); Plebani, *Le scritture delle donne in Europa*; Ann Hallamore Cæsar, «Theatre and the Rise of the Italian Novel: Venice, 1753–84», *Italian Studies* 67/1 (2012), 37-55.

12 Warner, Michael, «Publics and Counter-Publics», *Public Culture* 14/1 (2002), 49–90; Gvozdeva, Katja et al., *Dramatic Experience: Poetics of Drama and the Public Sphere(s) in Early Modern Europe* (2016, Brill).

13 Angelika Epple og Angelika Schaser, *Gendering Historiography: Beyond National Canons*. (2009, Campus Verlag); Margaret Hunt, *Women in Eighteenth Century Europe* (2010, Routledge); Merry E. Wiesner-Hanks, «Crossing Borders in Transnational Gender History», *Journal of Global History* 6/3 (2011), 357-81.

14 Erika Fischer-Lichte, Erika, *The Transformative Power of Performance: A New Aesthetics* (2008, Routledge); Erika Fischer-Lichte, «Transforming Spectators into Viri Perculsi: Baroque Theatre as Machinery for Producing Affects», i *Performativity and Performance in Baroque Rome*, red. Peter Gillgren og Marten Snickare (2012 Ashgate).

Uvalde kjelder

André, Naomi. 2006. *Voicing Gender: Castrati, Travesti, and the Second Woman in Early-Nineteenth-Century Opera*. Indiana University Press.

Aspden, Suzanne. 2013. *The Rival Sirens: Performance and Identity on Handel's Operatic Stage*. Cambridge University Press.

Barthes, Roland. 1978. «The Grain of the Voice», i *Image Music Text* (oms. Stephen Heath). Fontana Press.

Bianconi, Lorenzo og Thomas Walker. 1984. «Production, Consumption and Political Function of Seventeenth-Century Opera». *Early Music History* 4, 209-296.

Bucciarelli, Melania. 2000. *Italian Opera and European Theatre, 1680-1720: Plots, Performers, Dramaturgies*. Turnhout.

Bucciarelli, Melania, M. 2008. «Taming the exotic: Vivaldi's Amida al campo d'Egitto». i *Vivaldi, Motezuma and the Opera Seria*, 81-102.

Bucciarelli, Melania. 2017. «Farò il possibile per vincere l'animo di Mr Handel», *Eighteenth-Century Music* 14/1, 53-87.

Butler, Judith. 1990. *Gender Trouble: Feminism and the Subversion of Identity*. Routledge.

Clément, Catherine. 1988. *Opera, or the Undoing of Women (L'Opéra ou la Défaite des femmes, 1979)*. University of Minnesota Press.

Colonna, Deda Cristina. 2019. «Actio, actio, actio: a director's point of view on naturalism and naturalistic staging of the early opera repertoire», i *Naturalness/Simplicity - Natürlichkeit im Musiktheater*, red. V. Grund et al. Transcript. Independent Academic Publishing, 173-188.

Desler, Anne. 2015. «The little that I have done is already gone and forgotten», *Cambridge Opera Journal* 27/3, 215–238.

Drammaturgia Musicale Veneta (DMV). 1983-2018. Red. F. Fanna et al. Ricordi

Epple Angelika og Angelika Schaser. 2009. *Gendering Historiography: Beyond National Canons*. Campus Verlag.

Feldman, Martha. 2007. *Opera and Sovereignty: Transforming Myths in Eighteenth-Century Italy*. University of California Press.

Findlen, Paula et al. 2009. *Italy's Eighteenth Century: Gender and Culture in the Age of the Grand Tour*. Stanford University Press.

Fischer, Christine. «Self-Stylization in Ceremonial Context», i *Italian Opera in Central Europe I: Institutions and Ceremonies*. Red. Melania Bucciarelli et al. Berliner Wissenschafts-Verlag. 203–219.

Fischer-Lichte, Erika. 2008. *The Transformative Power of Performance: A New Aesthetics*. Routledge.

Fischer-Lichte, Erika. 2012. «Transforming Spectators into Viri Perculsi: Baroque Theatre as Machinery for Producing Affects», i *Performativity and Performance in Baroque Rome*, red. Peter Gillgren og Marten Snickare. Ashgate.

Glixon, B. L. 1995. «Private Lives of Public Women: Prima Donnas in Mid-17th-Century Venice». *Music & Letters* 76/4,

509-531.

Glixon, Beth L og Jonathan E. Glixon. 2006. *Inventing the Business of Opera. The Impresario and His World in 17th-Century Venice*. Oxford University Press.

Gvozdeva, Katja et al. 2016. *Dramatic Experience: Poetics of Drama and the Public Sphere(s) in Early Modern Europe*. Brill.

Günsberg, Maggie. 2001. *Playing with Gender. The Comedies of Goldoni*. Northern Universities Press.

Habermas, Jürgen. 1989. *The Structural Transformation of the Public Sphere: An Inquiry into a Category of Bourgeois Society*. The MIT Press.

Hadlock, Heather. 2012. «Opera and Gender Studies», i *The Cambridge Companion to Opera Studies*, red. Nicholas Till. Cambridge University Press. 257-275.

Hallamore Cæsar, Ann. 2012. «Theatre and the Rise of the Italian Novel: Venice, 1753–84», *Italian Studies* 67/1, 37-55.

Heller, Wendy. 2003. *Emblems of Eloquence Opera and Women's Voices in Seventeenth-Century Venice*. University of California Press.

Hodson, Jones, et al. 2018. «Turning FAIR Data into Reality: Interim Report from the European Commission Expert Group on FAIR Data». [Online]. doi: 10.5281/zenodo.1285272

Hunt, Margaret. 2010. *Women in Eighteenth Century Europe*. Routledge.

Infelise, Mario og Paolo Marini. 1992. *L'editoria del Settecento e i Remondini*. Ghedina e Tassotti.

Jaman, Freya. 2013. 'Pitch Fever: The Castrato, the Tenor...', i *Masculinity in Opera*, red. Philip Purvis. Routledge.

Joncus, Berta. 2007. «Producing Stars in Damma per musica», i *Music as Social and Cultural Practice: Essays in Honour of Reinhard Strohm*, red. Melania Bucciarelli et al. Boydell Press. 275-293.

Komeeva, Tatiana. 2019. *The Dramaturgy of the Spectator: Italian Theatre and the Public Sphere, 1600-1800*. Univ. of Toronto Press

Lewis, Rachel. 2009. «What's Queer About Musicology Now?», *Women and Music* 13, 43-53.

McClary, Susan. 1991. *Feminine Endings: Music, Gender and Sexuality*. University of Minnesota Press.

Messbarger, Rebecca. 2002. *The Century of Women: Representations of Women in Eighteenth-Century Italian Public Discourse*. University of Toronto Press.

Plebani, Tiziana. 2012. *Un secolo di sentimenti*. Istituto veneto di scienze, lettere ed arti.

Plebani, Tiziani. 2019. *Le scritture delle donne in Europa. Pratiche quotidiane e ambizioni letterarie*. Carocci.

Rosand, Ellen. 1991. *Opera in Seventeenth-Century Venice*. University of California Press.

Selridge-Field, Eleanor. 2007. *A New Chronology of Venetian Opera and Related Genres, 1660-1760*. Stanford University Press.

Scognamiglio, Giuseppina. 2002. *Ritratti di donna nel teatro di Carlo Goldoni*. Edizioni scientifiche italiane.

Strohm, Reinhard. 1997. *Damma per musica: Italian Opera Seria of the Eighteenth Century*. Yale University Press.

Strohm, Reinhard. 2002. 'Zenobia: Voices and Authorship in Opera Seria.' I JA Hasse in seiner Epoche und in der Gegenwart, red. Szymon Paczkowski und Alina Zórawska-Witkowska. Instytut Muzykologii Uniwersytetu Warszawskiego. 53-81.

Strohm, Reinhard. 2008. *The Operas of Antonio Vivaldi*. 2 vols. Olschki.

Strohm, Reinhard. 2009. «From She-Devil to Recalcitrant Mother: Women and the 'Male Gaze' in Vivaldi's Operas». I *Antonio Vivaldi: Passato e futuro*. Fondazione Giorgio Cini.

Taylor, Diana. 2003. *The Archive and the Repertoire: Performing Cultural Memory in the Americas*. Duke University Press.

Trevarthen, Colwyn. 2003. «Neuroscience and Intrinsic Psychodynamics: Current Knowledge and Potential for Therapy», i *Revolutionary Connections: Psychotherapy and Neuroscience*, red. Jenny Corrigall og Heward Wilkinson. Karnac Books.

Warner, Michael. 2002. «Publics and Counter-Publics». *Public Culture* 14/1, 49–90.

Weiss, Peter. 1982. «Teorie drammatiche e 'infrancosamento». i *Antonio Vivaldi: Teatro musicale, cultura e società*, red. Lorenzo Bianconi og Giovanni Morelli. Olschki. 273-296.

Wiesner-Hanks, Merry E. 2011. «Crossing Borders in Transnational Gender History», *Journal of Global History* 6/3, 357-81.

Varia